

STRATEGI OG HANDLINGSPLAN



Lokalhistoriske dagar med Vossestrand sogelag, med besøk til Tønnebergs Samlinger på Stalheim 2024.
(Foto Å. Gammersvik)

1. Om strategi og handlingsplan 2025-2026

Strategi og handlingsplanen bør leggja grunnlag for styret sitt arbeid i perioden 2025-2026.

Kvart område vert omtalt med tiltak, målsetting og finansiering.

Styret vil måtta handsama planar og budsjett for gjennomføring av ulike tiltak.

Gjennomføring av planen er avhengig av eit godt samarbeid i styret, og mellom Sogelaget og Landslaget, og mellom Sogelaget og andre lag i Vestland.

2. VEDTEKTER FOR SOGELAGET

Hordaland sogelag har som føremål å fremja interesse for, og auka kjennskap til lokalhistorie og kulturvern i Hordaland.

3. ORGANISERING

Hordaland sogelag er ein fylkesdekkjande organisasjon som gjerne samarbeider med andre lag og organisasjonar med same føremål, men har som hovudoppgåve å styrkja samarbeidet mellom medlemslaga og skal representera dei i saker av sams interesse.

Kontakten med medlemmene i Sogelaget vert gjennom å arrangere kurs, arrangera årleg Lokalhistoriske dagar, og senda ut orienteringar til medlemmene.

- a. Styremøter: 4 styremøter i året, 2 om hausten og 2 om våren, og elles etter behov.
- b. Årsmøte kvart år, i samband med «Lokalhistoriske dagar». Verve medlemmer og fastsetta medlemspengar.
- c. Arbeida aktivt for å rekruttera lokallag til Hordaland sogelag



Lokalhistoriske dagar på Vossetrand 2024 med besøk til «Mor si grav» - minnesmerke for Per Sivle. (Foto Å. Gammersvik)

4. TILBOD TIL MEDLEMMER

a. Kurs

Målsetting å ha 2 kursdagar for medlemmer i året.

I. Skrivekurs

Det vil verta skipa til eit skrivekurs i september for medlemmene i lokallaga.

Program med dato og påmelding vert sendt ut i god tid.

Finansiering: Reis og opphald vert dekkja av kart lokallag.

Kostnad med foredragshaldarar vert dekkja av Hordaland sogelag.

II. Kurs

b. Medlemsarrangement

Ein studietur for medlemmer kvart år

Finansiering: Utgifter til foredragshaldar og kulturaktørar vert dekkja ved *Deltakar-finansiert* og tilskot frå Sogelaget og andre organisasjonar.



Planlagt tur til Fjordslottet i Fotlandsvåg, Osterøy, i mai 2025

I. Osterøy til lands, studietur

Osterøy sogelag ved Geir Kleiveland lagar eit opplegg for å vitja viktige Kultur- og historiske stader på Osterøy. Turen vil gå med busstur, som har plass til 45 personar. Nærare dato vert kunngjort, men er planlagt ultimo mai 2025. Osterøy sogelag er vertskap.

Invitasjon går ut til alle lokallaga, som vil dekkja kostnad med mat.

Bussturen og lokal informant vert betalt av Hordaland sogelag.

- c. Utsendingar til landsmøtet som er annakvart år, neste gong i 2025. Landsmøtet i 2025 vert i Stavanger 23-25.mai. Hordaland sogelag deltek med to utsendingar.
- d. Delta på Vestland fylke sine årlege konferansar om kultur og historie. Hordaland sogelag deltar på Vestland sin konferanse «Kultur og tradisjon» den 8. mars 2025 med to deltakarar.
- e. Senda jolabrev til medlemmene på heimesida før jol.

5. **MEDIEPLAN – SYNLEG I SAMARBEID**

Det er viktig å nå ut til nye og gamle medlemmer, og at det kan vera tid for å tenkja nytt både i høve til eksisterande tiltak og i høve til å tenkja framover. Det vert viktig å finna vegar for å satsa på å nå medlemmene i ei tid der det meste vert formidla på sosiale media.

Tiltak: Utarbeida framlegg til utsending via e-post til medlemmene.

5.1 Heimesida

Tiltak: Utvikla vidare eiga heimeside, og leggja ut informasjon på sida vår slik at vi heile tida er relevante for medlemmene våre.

5.2 Sosiale medier – facebook

Mange lag og organisasjonar averterer og orienterer no via facebook.

Forslag til tiltak: Oppretta eiga side på facebook.

Mål: Nå våre medlemmer samt få nye brukargrupper og verva nye medlemmer.

Finansiering: Ingen utgifter, berre arbeid for styret å leggja ut stoff

5.3 Aviser/media

Det er for det meste kurs og arrangement som Lokalhistoriske dagar som når ut til avisene.

Tiltak: Lage ein mediaplan for styret der vi avtaler kontakt med aviser og formidling av nyheiter, medlemsmøter, foredrag og arrangement.

Mål: Spreia kunnskap om arbeidet i Hordaland Sogelag.

Finansiering: Ingen.

Handlingsplan 2019 – 2023

Heimeside vår, lagt ut [4. mars 2019](#) av [Bent Sigmund Olsen](#)

Handlingsplan for Hordaland sogelag 2019 – 2023

1. 4 – 5 styremøte for året
2. Årsmøte og lokalhistoriske dagar i mars/april
3. 2 kursdagar i året for medlemene i lokallaga
4. Ein studietur for medlemene kvart år
5. Utsendingar til landsmøtet som er annakvart å; neste gong i 2023.
6. Senda helsingbrev til lokallaga på heimesida før jul.
7. Nettmøte for styret når det høver.
8. Ha god kontakt med landslaget
9. Arbeida aktivt for å få fleire lokallag til å melda seg inn i fylkeslaget

Dette innlegget vart lagt inn i [Ymse](#) av [Bent Sigmund Olsen](#). Bokmerk [fastlenkja](#).

Vedtekter for Hordaland Sogelag

Vedtekne på skipingsmøte 16.11.1986, sist endra 15.03.2015:

§1. Føremål.

Hordaland sogelag har som føremål å fremja interesse for, og auka kjennskap til lokalhistorie og kulturvern i Hordaland.

§2 Medlemskap.

Regionale og lokale sogelag og tilsvarende organisasjonar innan Hordaland fylke kan vera medlemmer i laget. Dersom det er tvil om ein organisasjon kan verta medlem, avgjer årsmøtet spørsmålet.

§3 Organisasjon.

Hordaland sogelag er ein fylkesdekkjande organisasjon som gjerne samarbeider med andre lag og organisasjonar med same føremål, men har som hovudoppgåve å styrkja samarbeidet mellom medlemslaga og skal representera dei i saker av sams interesse.

§4 Verksemd.

Hordaland sogelag kan ta på seg oppgåver som best kan løysast på fylkesnivå, slik som kurs, seminar, kjeldepublikasjonar m.m. Saman med eitt eller fleire av medlemslaga står laget som tilskipar av det årlege "Lokalhistorisk møte for Hordaland"

§ 5 Styret.

- a) Styret vert kalla saman av leiaren. Styret er vedtaksført når minst 3 styremedlemmer møter. Ved likt stemmetal har leiari dobbeltstemme.
- b) Det skal skrivast referat etter kvart møte. Varamedlemmer skal ha tilsendt sakspapir og referat.
- c) Styret kan peika ut nemnder til å ta seg av særlege arbeidsoppgåver.
- d) Rekneskapen skal førast for kvart kalenderår og leggjast fram for årsmøtet.
- e) I rimeleg tid før årsmøtet varslar styret leiari i valnemnda om samansetjing av styre og utval og om kven som står på val.
- f) Styret skal gjennomføra dei oppgåver/saker som årsmøtet gjer vedtak om.

§ Årsmøte

§7. Omframnt årsmøte.

§8 Lovendring

Lovendringar kan verta vedtekne på årsmøtet med minst 2/3 fleirtal. Framlegg om lovendringar må vera komne til styret innan utgangen av desember.

§9 Nedlegging

Nedlegging av laget kan verta gjort når 2 etterfølgjande årsmøte har vedteke det med minst 2/3 fleirtal. Ved nedlegging av laget skal laget sine eigneluter tilfalla fylkeskommunen, øyremerkje til kulturvernarbeid.